



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato
01.06.2017
Dykkar dato
01.06.2017

Vår referanse
2016/5017 620
Dykkar referanse
Kristin Moe, Kommunalsjef oppvekst

Lindås kommune, postmottak@lindas.kommune.no
Radøy kommune, postmottak@radoy.kommune.no

Overføring av det statlege tilskotet til ei mellombels stilling i barneverntenesta

Vi viser til vårt tildelingsbrev dagsett 28. april 2016, der Lindås kommune vart tildelt 665 000 kroner til ei mellombels stilling i det kommunale barnevernet. Bakgrunnen for tildelinga var «at Lindås kommune mellom anna har tatt initiativ overfor to av nabokommunane med sikte på å få oppretta eit interkommunalt barnevern». Føremålet med tilskotet var at den som vart tilsett skulle arbeide med å få til eit felles barnevern i dei tre kommunane.

Lindås kommune søker no «om at dei tildelte midlane til dette prosjektet blir overført til Radøy kommune, som skal vere prosjektansvarleg for prosjektet». Vidare kjem det fram at: «Det er lyst etter prosjektleiar, som også er tiltenkt rolla som leiar for felles barnevernteneste for Radøy, Meland og Lindås kram til ny kommune er etablert.»

Vi innvilger med dette søknaden om å overføre tilskotet til Radøy kommune.

Det er ein føresetnad at tilskotet vert nytta slik Lindås kommune søker om, og at Radøy kommune sender revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotsmidlane til Fylkesmannen innan 31. mars 2018. Kopi av dette brevet skal leggjast fram for revisor i lag med rekneskapen. Dersom rekneskap og revisorattest ikkje vert levert, kan tilskotet krevjast tilbakebetalt. For tilskot på mindre enn 100 000 kroner er det til vanleg ikkje krav om revisoruttale.

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har rett til å kontrollere at løyvinga vert nytta etter føresetnadene, sjå statens løyvingreglement § 10 andre ledd. Fylkesmannen har fått i oppgåve å kontrollere at tilskotet vert brukt i tråd med føresetnadene. Rekneskapen må difor setjast opp på ein slik måte at lønsutgiftene til stillinga kjem fram, slik at bruken av tilskotsmidlane kan haldast saman med reglane for tilskotsordninga. Dersom pengane ikkje vert nytta etter føresetnadene, skal dei tilbakebetalast til statskassa. Vi ber om at referansenummeret vårt, 2017/4267, vert påført framtidig korrespondanse som gjeld tilskotet for 2017.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonsleiar

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.